

Mykje historie på kort tur

Gå opp bakken bak det kommunale hybelhuset som ligg like ved parkeringsplassen i Leksvol. Før du kjem opp i museumsområdet kan du velgje om du vil ta den bratte stigen som tek av til høgre og går langs Hellinggrove oppover, eller om du vil gå gjennom den vakre museumslia.

Går du opp langs grove kjem du opp til ei grind før du går inn på ein grasvoll og opp på nedre Øvre-Ålsvegen. Men går du gjennom museumslia kan du ta deg tid til å sjå på nokre av dei gamle husa som står langs vegen.

Heilt øvst svingar vegen mot aust rundt Husmannsplassen. Du går no på den gamle vegen opp til Øvre-Ål. Den gjekk bratt opp lia, forbi gamle Øvre-Ål skule


og opp til Helling-gardane (Helling-gutu). Følg stigen bort til grinda, inn på grasvollen og opp på nedre Øvre-Ålsvegen.

På andre sida av vegen hadde dei som budde øvst i Øvre-Ål eit garasjebygg til bilane sine fordi Hellinggututu vart for bratt å køyre – særleg om vinteren.


Vidare går du nokre meter langs bygdevegen til Teigengutu. Vidare kjem du inn på Hellinggututu som går bratt opp mot Teigen. I svingen før Teigen fylgjer du stigen langs grove som her er delt mellom Bjella- og Hellinggardane, som frå gammalt av utgjorde dei to grendelaga i Øvre-Ål. Snart kjem du opp på øvre Øvre-Ålsvegen.





Foto: Ål Utvikling





For meir detaljert kart sjå: Sentrumskart for Ål

 Ta inn Stavevegen frå skulekrysset og fylg stig opp til Øvre-Ålsvegen. Eller fylg Øvre-Ålsvegen opp til Leksvol.

 Ål bygdamuseum, gamle Øvre-Ålsvegen og Hellinggututu, gamle fellesgarasjen, gamle Øvre-Ål skule (no bustad).

 God parkeringsplass ved Leksvol.

 Stig, noko veg.

 Turen tek ca. 30 min.

Her kan du anten gå fylkesvegen attende til Leksvol, eller ta ein av stigane i Prestegardsbakkane til Sundre. Sjå tur 5.2 Sundreberget.

Den gamle kyrkjevegen til Leveld gjekk truleg opp i Bjellagardane eller i Kortgarden. Fjellvegen finn du ved å fylgje vegen mot Kvinnegardslia til skiltinga tek til, sjå tur 1.1/6.1 Fjellvegen.

